



Mållag-leiar Kristian Bringedal gjev Målblomen 2007 til Gørril Guddal på Solheim Turiststasjon. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Målblomen 2007 gjekk til Galleri G Guddal i Rosendal. Gørril Guddal fekk under årsmøtet på Solheim Turiststasjon laurdag ettermiddag prisen som Kvinnherad Mållag delar ut kvart år for konsekvent og medvite bruk av nynorsk.

Blomen går til verksemder som over tid har synt at dei brukar nynorsk i lysingar, marknadsføring og elles i alt skriftleg tilfang internt og mot kundar og brukarar.

Målblomen har vorte utdelt sidan 1999 og ein gong har den gått til Uskedalen. Då var det Uskedal Trelastlager som fekk den. Leiar Kristian Bringedal ga eit oversyn over alle prisvinnarane og påpeika at trelastlageret har vore konsekvent i nynorskbruken sin i heile etterkrigstida sjølv om gründer Tørris Myklebust var sjøkaptein og bokmålsmann.

Gørril Guddal har vakse opp med nynorsk og den er ei del av identiteten hennes ved sida av at det er eit vakkert språk. Ho er glad og lukkeleg for at nynorsk er det naturlege språket hennes og det er aldri nokon som har sagt til henne at ho burde skifta målføre.

I oppbygginga av galleriet sitt har ho vore svært medviten om språk i marknadsføringa. Nynorsken er med på å byggja opp om identitet og dermed også merkevara Galleri G Guddal.

- Dette har aldri vore noko problem. Tvert i mot forventar langvegsfarande at ting er annleis her, også språket. I det ligg også det "eksotiske" og attraktive, seier Gørril.

Ho synes synd på dei som har vakse opp med bokmål og som skal skriva nynorsk, for det er ikkje heilt lett, trur ho og viser til skule-elevar som slit.

Ein annen hovudpost på mållagsårsmøtet var diktinga til Jens Tvedt. No er det 150 år sidan heimstaddiktaren frå Omvkdalen vart fødd og professor i nordisk språkvitskap ved universitetet i Bergen Gunnstein Akselberg var ikkje snau då han sette Tvedt inn i ei historisk ramme. Han slog fast at Tvedt var ein av dei aller første som etablerte nynorsk som litterært språk og at han spelte ei sentral rolle både litteraturhistorisk og språkhistorisk.

- Han var rett mann på rett plass til rett tid, sa Akselberg.

Saman med gausdølen Hans Aanrud er han vår fremste heimstaddiktar.

Kristian Bringedal streka under at det er trong for ein Tvedt-biografi.

Av Ola Matti Mathisen